LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Jlm Bygg AS
Postboks 63
5941 AUSTRHEIM

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Ingrid Bjørge Pedersen | 04.12.2018 |
| Vår: 18/3610 - 18/36344 | Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no | |

# Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 106/37 Fanebust

| | | |
|---|---|---|
| Tiltak: | tilbygg | |
| Byggjestad: | Gbnr: 106/37 | Fonnebostvegen 150 |
| Tiltakshavar: | Karin L. Fanebust | |
| Ansvarleg søkjar: | Jlm Bygg AS | |

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.11.2018.

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon. Eigedomen ligg innafor det som i kommuneplanen er sett av til LNF-føremål. For at vi skal kunne handsame søknaden din må det søkjast dispensasjon i frå dette føremålet. Ei dispensasjonsøknad er ei skriftleg søknad der det skal gå fram kva ein søkjer dispensasjon i frå (LNF-føremålet) og søknaden må vere grunngjeven og nabovarsla.
2. Informasjon om bruksarealet (BRA) til tilbygget.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **04.01.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Ingrid Bjørge Pedersen<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Jlm Bygg AS | Postboks 63 | 5941 | AUSTRHEIM |
| Karin L. Fanebust | Fonnebostvegen 150 | 5955 | LINDÅS |